



Dramatisk hending då golvet i sauefjøset til Andreas Kristoffersen kollapsa for 14 dagar sidan.

**Bondebladet fortel om ei dramatisk hending i sauefjøset til Andreas Kristoffersen på Øvre Musland for 14 dagar sidan. 22 dyr ramla ned i gjødselkjellaren medan Andreas og den 5 år gamle son hans heldigvis hadde forlate sauebingen kort tid før golvet kollapsa. Dei siste åra har fleire golv av den same typen kollapsa.**

Andreas Kristoffersen fortel til Bondebladet at han og guten akkurat hadde gått ut av bingen. Ristene veg rundt tretti kilo og har skarpe kantar, og det er tre og en halv meter opp. Dersom folk hadde ramla ned og hadde fått ei rist i hovudet kunne det fått ein svært tragisk utgang.

Dei 22 dyra som fall ned i gjødselkjellaren, vart redda ut ved at portane vart brotne opp med traktor.  
- Dei har det tilsynelatande bra, uttala Andreas Kristoffersen til Bondebladet.

Som nemnt har liknande ting skjedd med fleire golv av same type, og dette er ei stor sak som vert omtala i Bondebladet. De kan lesa meir [om den dramatiske hendinga i her](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen